

Mykje godt å få kjøpt hos Elins Matgleder i dag.

17.09.2016



Linnea sel lappar, saft og kaffi.

**Vi er så heldige at Elins Matgleder har ope kvar laurdag for tida. Butikken byr på veldig mykje godt både av kaker, gjærbakst og konfekt. I dag var det til og med rigga til ein flott lappebutikk ute. Der styrt yngstejenta Linnea, og i tillegg til kjempegode lappar selde ho saft og kaffi.**

Bakgrunnen for at det no er ope kvar laurdag, er at konditorlæringen Silje Margrethe Nygård øver no i innspurten før ho skal gå opp til fagprøve. Silje har alt fagbrev som bakar. Då eg var oppom ved opningsstart i dag, hadde Silje alt vore i full sving lenge. Ho hadde baka ostekaka, napoleon, marsipansnitt, fyrstekaker, mazariner, brownies og mykje meir.

Ho hadde godt selskap av Elin Enes sjølv. Ho hadde heller ikkje lege på latsida. Ho hadde baka bollar, oste- og skinkehorn, eplestenger og vaniljeposteiar. Skikkeleg fristande var det då alle desse delikate godsakene var utstilt. Inne i butikken styrte eldstejenta Anine salget, og kundane var alt byrja å strøyma til. Og utanfor vart dei altså møtt av smilande Linnea som baud på lappar, saft og kaffi.



Inne i butikken hadde Anine veldig mykje godt å by på.

Elins Matgleder har ope til kl.14.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland